



Arvid Langøy  
TRÆET 26  
5986 Hosteland

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 19/421 - 22/619

Sakshandsamar:  
Thomas Skår  
thomas.skar@masfjorden.kommune.no

Dato:  
25.01.2022

## Melding om politisk vedtak - Klage på pålegg om fjerning av husbåt og illegging av tvangsmulkt

Vedlagt følger saksutgreiing og vedtak.

*Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan klagast på, jf. forvaltningslova (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert klaga på (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Thomas Skår  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

### Mottakere:

Arvid Langøy

TRÆET 26

5986

Hosteland

---

### Post

Austfjordvegen 2724  
5981 Masfjordnes

### Kontakt

Telefon: 56 16 62 00  
Faks: 56 16 62 01

postmottak@masfjorden.kommune.no  
Heimeside: [www.masfjorden.kommune.no](http://www.masfjorden.kommune.no)

Org.nr. **945627913**

Bankkonto: 3201 48 54958

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Thomas Skår	Gbnr-14/10, Gbnr-14/85	19/421

Saknr	Utval	Type	Dato
004/2022	Formannskapet	PS	20.01.2022

### Klage på pålegg om fjerning av husbåt og illegging av tvangsmulkt

#### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Klage på pålegg om fjerning av husbåt - gbnr 14/10	04.01.2022
Melding om at husbåt er fjerna med bildedokumentasjon - gbnr 14/14	16.12.2021
Husbåt fjerna i september	16.12.2021
Pålegg om fjerning av husbåt og illegging av tvangsmulkt	13.12.2021
Svar på førehandsvarsel om pålegg	14.04.2021
Førehandsvarsel om pålegg om å fjerne husbåt og førehandsvarsel om illegging av tvangsmulkt	12.04.2021
Melding om politisk vedtak -klage på vedtak- tiltakshavar trekk husbåt ut av søknaden	03.09.2020
Klage på vedtak - tiltakshavar trekk husbåt ut av søknaden	01.09.2020
Ønskje om å trekke "husbåt" frå søknad	15.06.2020
Klage på vedtak 003/2020 datert 03.02.2020	01.04.2020
Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova - husbåt - gbnr 14/10	08.10.2019
Nabovarsel og Kvittering for nabovarsel - gbnr 14/10	17.10.2019
Uttale - Masfjorden - 14/10 - Træet 23 - oppføring av husbåt - forlenging flytebrygge - dispensasjon	08.11.2019
Masfjorden kommune - uttale til høyring om dispensasjon til oppføring av husbåt og forlenging av flytebrygge gnr14 bnr10	15.11.2019
Melding om delegert vedtak - søknad om dispensasjon for oppføring av husbåt og forlenging av flytebrygge gbnr 1410	28.11.2019
Klage på delegert vedtak- søknad om dispensasjon for oppføring av husbåt og forlenging av flytebrygge - gbnr 14/10, 14/85	18.12.2019
Klage på delegert vedtak om dispensasjon for oppføring av husbåt og forlenging av flytebrygge gbnr 14/10	04.02.2020
Førespurnad om utgreiing av mogleg ulovleg tilhøve	14.06.2019
Træet	14.06.2019
husbåt 1	18.06.2019
Utgreiing om tiltak i sjø	18.06.2019
Klage - Masfjorden - 14/10 - Træet 23 - oppføring av husbåt - forlenging flytebrygge - dispensasjon	25.02.2020
Klage - Masfjorden - 1410 - Træet 23 - oppføring av husbåt - forlenging flytebrygge - dispensasjon	25.02.2020
Melding om politisk vedtak - Klage på delegert vedtak om dispensasjon for oppføring av husbåt og forlenging av flytebrygge gbnr 14/10	10.02.2020
Frist for å sende inn søknad til kommunen	04.09.2019
Dispensasjonssøknad husbåt - gbnr 14/10, 14/85	16.09.2019

Utsatt frist for å sende inn dispensasjonssøknad for husbåt gbnr 14/10	18.09.2019
MASFJORDEN KOMMUNE, GNR. 14 BNR	18.12.2019
Dispensasjonssøknad	08.10.2019

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Klage frå tiltakshavar datert 27.12.2021 vert ikkje teke til følgje. Det vert vist til administrativt vedtak datert 09.12.2021 og rådmannen sine vurderingar under. Saka vert i medhald av plan- og bygningslova § 1-9 sendt over til endeleg klagevurdering hjå Statsforvaltaren i Vestland.**

### **Saksopplysningar:**

#### **Bakgrunn**

Det er frå Arvid Langøy (tiltakshavar) kome inn klage datert 27.12.2021 på Masfjorden kommune sitt administrative vedtak saknr 143/2021 datert 09.12.2021 der kommunen gav pålegg om fjerning av husbåt og illegging av tvangsmulkt.

#### **Fakta**

Saka gjeld klage på pålegg om fjerning av husbåt og illegging av tvangsmulkt gjeve i administrativt vedtak saknr 143/2021 datert 09.12.2021.

#### **Historikk i saka:**

Kommunen sendte ut brev 14.06.2019 med førespurnad om utgreiing av mogleg ulovleg tilhøve etter at kommunen vart kjend med at det var oppført ein bygning i sjø ved gbnr 14/10. Kommunen mottok utgreiing om tiltaket journalført 19.06.2019 der det kjem fram at bygget gjeld husbåt under oppføring.

Det vart avtalt at tiltaket skulle bli søkt om og 08.10.2019 vart søknad sendt inn av Abo Plan og Arkitektur AS på vegne av tiltakshavar.

Masfjorden kommune av slo søknad om dispensasjon for oppføring av husbåt i administrativt vedtak saknr 171/2019 datert 28.11.2019. Dette vedtaket vart påklaga av tiltakshavar og formannskapet i kommunen tok klage til følgje under sak 003/2020 i møte 03.02.2020. Fylkesmannen i Vestland klaga deretter på formannskapet sitt vedtak i brev av 24.02.2020, og tiltakshavar trakk deretter søknad om dispensasjon for oppføring av husbåt i epost sendt til kommunen 15.06.2020.

Førehandsvarsel om pålegg om å fjerne husbåt og førehandsvarsel om illegging av tvangsmulkt vart sendt ut 08.04.2021 med frist på 3 veker for tiltakshavar til å uttale seg før eit pålegg eventuelt vart fatta. I førehandsvarselet vart det varsla at kommunen vil vurdere å fatte vedtak om pålegg om fjerning av husbåt og vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt dersom husbåt ikkje vart fjerna innan 01.09.2021.

Tiltakshavar har uttalt seg til førehandsvarselet i brev datert 12.04.2021, der han meiner at han bygger sin eigen båt/fritidsfartøy og at tiltaket ikkje kjem inn under plan- og bygningslova sine bestemmelsar.

Kommunen er ikkje samd i denne vurderinga og meiner at husbåt kjem inn under

byggjesaksbestemmelsane i plan- og bygningslova. Det er difor gjeve pålegg for å fjerne husbåt med frist for å etterkome pålegg satt til 01.04.22 der det samstundes vert ilagt dagsmulkt på kroner 1000,- som begynner å forfalle frå overnemde tidspunkt dersom pålegg ikkje vert etterkome.

### **Om husbåtar og forhold til plan- og bygningslova:**

Husbåtar har i lang tid vore omfatta av plan- og bygningslova og husbåtar er drøfta i tolkningsuttalar, klagesaker, rundskriv samt rettspraksis.

Det er ingen formell definisjon av begrepet husbåt. Det er gjennom tid nytta som eit samlebegrep for ulike typar innretningar som vert nytta til beboelse eller næringsverksemd. Viser mellom anna til rundskriv H-09/05 punkt 8: «Husbåt er ikke et entydig begrep, men vil omfatte flere typer flytende konstruksjoner, fra en spesialbygget båt beregnet til fritidsbruk eller permanent opphold, til lektere eller andre flytendekonstruksjoner hvor det er plassert en hytte eller et hus oppå.»

Det vert også vist til forarbeida til gjeldande plan- og bygningslov der fylgjande er uttalt: «Begrepene i bokstav a skal forstås vidt. Tiltak som tilbygg til campingvogn «spikertelt» og husbåtar, fartøyer som fortøyes og brukes til overnatting/restaurant med videre, vil falle inn under bokstav a, alternativt bokstav j, avhengig av hvor permanent eller midlertidig de er forankret»

Det er også presisert i gjeldande byggjesaksforskrift (SAK 10) § 1-5 at husbåt vert omfatta av byggesaksbestemmelsane.

Sidan det ikkje er gjeve løyve til oppføring av husbåten, må kommunen fylgje opp saka som eit ulovleg tiltak. Vil også minne om at det ikkje er tillate å ankra opp husbåt/lekter utan løyve frå kommunen jf føresegnene til kommuneplanen punkt 4.8.2.

### **Vurdering**

Kommunen har etter plan- og bygningslova § 32-1 plikt til å følgje opp ulovligheiter. Bestemmelsen lyder fylgjande: «Kommunen skal forfølge overtredelser av bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven. Er overtredelsen av mindre betydning, kan kommunen avstå fra å forfølge ulovligheten. Beslutning om dette er ikke enkeltvedtak.»

Som vist tidlegare i saksframlegget, så sendte kommunen ut brev datert 14.06.2019 med førespurnad om mogleg ulovleg tilhøve. I svar frå tiltakshavar journalført 19.06.2019 fylgde fleire bileter som er vist på neste side.

Tiltakshavar har også tidlegare i søknadsprosessen sjølv omtalt tiltaket som husbåt og i søknaden sendt inn av ABO Plan & Arkitektur står det at er etablert «byggverk på ein flåte plassert i sjø».

Det framstår som klart for administrasjonen at det er ein husbåt som er under oppføring og at det difor er plan- og bygningslova sine bestemmelsar som gjeld.



Tiltakshavar sendte inn bilete til kommunen 16.12.21 som dokumentasjon på at husbåt er fjerna jf gjeve pålegg.




Ved synfaring 17.12.21 ser ein at husbåt kun er flytta «rundt neset» jf bilete under.



På kart under er opprinneleg plassering av husbåt vist samt plassering der husbåt er flytta til. Husbåt

er flytta om lag 30 meter.



Kommunen vurderer at flytting av husbåt er av bagatellmessig karakter og kan ikkje sjåast på som ettercoming av gjeve pålegg. Slik husbåt er flytta, vil den framleis belaste same strandsone og framleis ligge på areal avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.

Det er administrasjonen si vurdering at det ikkje er grunnlag for å gjere om kommunen sitt vedtak av 09.12.2021 der det vart gjeve pålegg om fjerning av husbåt og illegging av tvangsmulkt.

#### **Konklusjon**

Klage frå tiltakshavar datert 27.12.2021 vert ikkje teke til følgje. Det vert vist til administrativt vedtak datert 09.12.2021 og rådmannen sine vurderingar. Saka vert i medhald av plan- og bygningslova § 1-9

sendt over til endeleg klagevurdering hjå Statsforvaltaren i Vestland.

### **Formannskapet - 004/2022**

#### **FS - behandling:**

Saka vart trekt frå sakskartet jf sak PS 013/2022 Godkjenning av innkalling og saksliste.

#### **FS - vedtak:**

Saka vart trekt